



# Genus og bøying i vossamålet

Med utgangspunkt i historiske data og innsamla data  
frå 2022

Av Kristin Nordbø Haug

Artikkelen gjev eit innblikk i den historiske utviklinga til genus og substantivbøyning i vossamål, basert på eldre undersøkingar samanlikna med eksperimentelle talemålsdata frå 2022, med 64 informantar i tre ulike aldersgrupper. Artikkelen diskuterer relasjonen mellom genus og substantivbøyning og spørsmålet om genus predikerer bøyning. Den historiske utviklinga går mot ein tettare relasjon mellom genus og substantivbøyninga ved at det nærmar seg eit 1:1 høve mellom genus og suffiks. Datainnsamlinga frå 2022 viser at det tidlegare så stabile genussystemet er i ferd med å verta ustabilet i hokjønn hjå born og unge deltagarar. 66 % (29/44) av born og unge vekslar mellom hokjønnsartikkelen *ai* og hankjønnsartikkelen *ain* føre hokjønnsord, medan substantivendinga i bunden form eintal er stabil. Relasjonen mellom genus og substantivbøyninga endrar seg parallelt med at genussystemet endrar seg.

## 1 Innleiing<sup>1</sup>

I dei seinare åra har mykje forsking på grammatiske gener i norsk vist at hokjønn står svakt og ser ut til å forsvinna frå fleire norske dialektar, spesielt i byspråka i Oslo, Tromsø og Trondheim (Lødrup 2011, Rodina og Westergaard 2016, Busterud et al. 2019, Busterud et al. 2021, Lohndal og Westergaard 2021), men også i fleire norske dialektar (van Baal et al,

1. Tusen takk til Guro Busterud, Hans-Olav Enger, Terje Lohndal og Marit Westergaard for nyttige kommentarar på tidlegare utkast. Eg vil også rette ein stor takk til redaktøren og to anonyme fagfellar for konstruktive tilbakemeldingar.

under trykking). Tidlegare studiar viser at det bundne suffikset (t.d. *-a*) er meir resistent mot endring enn frittståande genusmarkørar som t.d. den ubundne artikkelen (*ein*, *ei* og *eit*). Liknande resultat har ein også sett i andrespråksforskning (Anderssen og Busterud 2022), amerikanorsk (Johannessen og Larsson 2015, Lohndal og Westergaard 2016), og i jämtlandsks (van Epps og Carling 2017). Når me no opplever det som ser ut som ei forenkling av genussystemet i norsk, med bortfall av hokjønn, er det også interessant å sjå om det påverkar bøyingsssystemet og om relasjonen mellom genus og substantivet si bøying endrar seg. Tidlegare forsking på norske dialektar har kome til litt ulikt resultat. Nokre har funne at det bundne eintalssuffikset så å seie er upåverka (Lødrup 2011, Conzett et al. 2011, Rodina og Westergaard 2015), medan nyare undersøkingar (Lundquist og Vangsnæs 2018, Busterud et al. 2021) har funne at også suffiksbruken er i endring. I ei forundersøking til ein studie av prosessering av genusmarkørar med informantar i alderen 17–18 år frå Oslo og Sogndal, fann Lundquist og Vangsnæs (2018) at 1/3 av deltakarane frå Sogndal produserte både feminine og maskuline artiklar til hokjønnsord, altså kan det sjå ut som om utviklinga også er i gang i vestnorske dialektar. Denne studien bidreg med data frå vossamål, som er ei rural vestnorsk dialekt rik på morfologi. Ho skil seg frå dei tidlegare nemnde urbane dialektane både når det gjeld kongruens og omfanget i bøyingsssystemet (sjå pkt. 2.2), men har fellestrek med morfologien i dialekta i Sogndal. Språklege data som eg samla inn i 2022, viser at hokjønn er ein ustabil kategori hjå fleire yngre språkbrukarar på Voss, medan alle dei vaksne deltakarane som var med i prosjektet mitt, har eit konsekvent tregonussystem. I denne studien tyder tradisjonelt hokjønn det genuset substantivet er oppført med i Nynorskordboka, og som samsvarar med tradisjonelt genus i vossamålet. Alle substantiva i studien har same genus på nynorsk og i tradisjonelt vossamål. Datamaterialet mitt frå Voss viser at det bundne suffikset på hokjønnsord i eintal er relativt stabilt. Me ser også at fleirtalssuffiksa endrar seg, både hjå språkbrukarar med eit stabilt tregonussystem, og endå meir hjå språkbrukarane med ustabil bruk av hokjønn. Artikkelen tek opp desse spørsmåla:

- 1) Kva er relasjonen mellom genus og bøying i vossamål?
- 2) Predikerer genus bøying i vossamål?

Artikkelen baserer seg på både historiske kjelder (Vidsteen 1884, Heggstad 1932, Akselberg 1995, 2003) og data som eg samla inn i 2022. Artikkelen held fram slik: Del 2 gjer greie for genus og substantivet si bøyning i norsk og i vossamål, del 3 presenterer metode og prosedyre for datainnsamlinga, del 4 er ein presentasjon av resultata og i del 5 vert dataa diskutert og analysert. Til slutt konkluderer eg i del 6.

## 2 Bakgrunn

Genus er ein inherent eigenskap ved substantivet, og den mest utbreidde forståinga av genus i dag byggjer på Hockett sin definisjon: «Genders are classes of nouns reflected in the behavior of associated words» (Hockett 1958: 231). Dette vil seie at genuset til eit norsk substantiv kjem til uttrykk på formene til adjektiv, determinativ og delvis pronomen. Bøyingsklasse kjem derimot til uttrykk på substantivet sjølv, til dømes ved omlyd, tonem eller suffiks. Bøyingsklasse er her forstått i tråd med Enger sin definisjon frå 1998: «An inflection class is defined as a group of words that inflect in the same or a similar fashion» (Enger 1998: 140). Det finst også argument og ein tradisjon for å sjå på suffikset ikkje berre som eit uttrykk for bøyingsklasse, men at det også markerer genus (Faarlund, Lie og Vannebo 1997 for norsk, Dahl 2000 for svensk). Ein studie i reaksjonstid tyder på at språkbrukarar med ei tregenusdialekt forstår suffikset *-a* på hokjønnsord som ein genusmarkør: «Resultatene våre antyder at språkinnlæreren ser både den ubestemte artikkelen *ei* og bestemthetssuffikset *-a* som markører for feminint genus, og sannsynligvis stammevokal *-e*» (Lundquist, Klassen og Westergaard 2022: 51). Den nye bokmålsordboka på nett,<sup>2</sup> ord.bokene.no, viser også at relasjonen mellom genus og bøyingsending er ei aktuell problemstilling. Eit tilfeldig sok på «bok» får opp at substantivet er definert som hokjønn med artiklane *ei/en bok – boka*, og hankjønn med *en bok – boken*.<sup>3</sup> Her ser me altså at det bundne suffikset ser ut til å vera definierande for genus, i og med at både *ei bok* og *en bok* kan vera hokjønn, og at suffikset også er ein genusmarkør.<sup>4</sup> Det meste av forskinga som er gjort på genus dei siste tiåra,

2. Lansert 26.01.2022.

3. bok - ord.bokene.no (ord.bokene.no) Lese 30.05.24

4. Dette er verdt ein diskusjon i seg sjølv, men ikkje her, sjå heller Lødrup & Enger 2024.

som tidlegare nemnt, legg derimot til grunn at genus viser seg i kongruens og at suffikset må forståast som bøyingsklasse (sjå t.d. Lødrup 2011, Lohndal og Westergaard 2021, Anderssen og Busterud 2022). Denne artikkelen byggjer på prinsippet om at kongruens er kriteriet for genus, men også at bøyning og genus har ein tett relasjon.

Genus og bøyning er altså to separate kategoriar i nominalsystemet, men med ein relasjon som er meir eller mindre tett. Eit spørsmål er om genus predikerer substantivet si bøyning, eller om bøyninga predikerer genus. Corbett argumenterte for at bøyingsklasse predikerer genus i in-doeuropeisk, basert på evidens frå russisk (Corbett 1991: 49). I norsk ville det bety at eit ord som *kopp* er hankjønn fordi det endar på *-ar* og *-ane* i fleirtal t.d. Dersom genus derimot predikerer substantivet si bøyning, betyr det at fordi *kopp* er hankjønn, så endar substantivet på *-en* i bunden form eintal, og *-ar* og *-ane* i fleirtal. Bittner argumenterer for at genus predikerer bøyingsklasse i tysk, iallfall i eintal (Bittner 2000). I norsk kan ein lettare dedusera bøyning frå genus og omvendt, enn ein kan t.d. i nederlandske (Kürschner og Nübling 2011: 359). Kürschner og Nübling skriv om relasjonen mellom genus og bøyning i språkendring at «It seems that both the number of genders and the number of declensions need to be severely reduced before the link between gender and declension is loosened in Germanic languages» (Kürschner og Nübling 2011: 375). Med deira argument som premiss, kan ein forventa at det vil vera ein tettare relasjon mellom genus og bøyning, altså at genus kan predikerast utifrå bøyningssuffiks eller omvendt, i ei norsk dialekt med rik morfologi og tre distinkte genus, som t.d. tradisjonelt vossamål, enn det vil vera hjå språkbrukarar med eit system med to genus, eller eit ustabilt genussystem med teikn på reduksjon av hokjønn.

### 2.1. Genus og bøyning i norsk

I norsk viser genuset seg i eintal i bruken av ubunden artikkel (determinativ), nemleg *ein/en* (m), *ei* (f) og *eit/et* (n) og i nokre possessiv, t.d. *min* (m), *mi* (f) og *mitt* (n):

- 1) *Ein fin bil, den fine bilen min* (m)
- 2) *Ei fin flaske, den fine flaska mi* (f)
- 3) *Eit fin-t hus, det fine huset mitt* (n)

Døme (1)-(3) viser at det er samanfall mellom hankjønn og hokjønn på den eine sida og inkjekjønn på den andre, både i adjektivet føre ubunden form (*fin* vs. *fint*), og i det bundne determinativet (*den* vs. *det*), medan den ubundne artikkelen og possessivet har ei form per genus.

Dersom me tek utgangspunkt i nynorsk skriftspråk i dag, finn me ofte eit 1:1 høve mellom genus og substantivet si bøyning i bunden form eintal, ved at hankjønnsord endar på *-en*, hokjønn på *-a*, og inkjekjønn på *-et*.

I fleirtal er genus nøytralisert i både bokmål og nynorsk og i dei fleste norske dialektane. Her finn me formsamanfall i både adjektiv, determinativ og pronomen. Den norske språkhistoria viser oss at sambandet mellom substantivet si bøyning og genus har vorte tettare, ved at talet på bøyingsklassar har vorte reduserte og at ein har nærma seg eit 1:1-høve mellom genus og bøyingsklasse (Bjorvand 1972, Beito 1954). I dagens nynorsk er det i hovudsak slik at hankjønnsord endar på *-ar/-ane*, hokjønnsord på *-er/-ene*, og inkjekjønnsord endar på *-Ø<sup>5</sup>/-a*. Her er døme på dette:

- 4) *Fine bilar, dei fine bilane mine* (m)
- 5) *Fine flasker, dei fine flaskene mine* (f)
- 6) *Fine hus, dei fine husa mine* (n)

Diakronien viser oss også at det også har gått føre seg analogiar kor det ikkje er genus som har styrt substantivbøyninga, men at bøyingsklasse heller har blitt styrkt. Enger viser dette med døme frå inkjekjønnsordet, *rike* som hadde inga ending i fleirtal ubunden form i norrønt, *rikeSG.INDEF – rikePL.INDEF*, men som no har fått endinga *-r* i mange dialekter, *rikerPL.INDEF – rikenePL.DEF*, medan sterke inkjekjønnsord framleis er utan ending (*husPL.INDEF – husaPL.DEF*). Dette er eit døme på ei endring som ikkje er styrt av genus, men av skilnaden mellom kategoriene sterke og svake, altså av bøyingsklasse (Enger 2014: 166–170), for svake hokjønnsord har same endingar i fleirtal, jamfør *jenter–jentene*. Berg skriv at faktorar utanom morfologi, som semantikk (t.d. animatheit) og fonologi (t.d. sams ending), også påverkar bøyingsklassar (Berg 2019: 4). Utviklinga er med andre ord ikkje heilt eintydig, men hovudtendensen har vore ei utvikling mot tettare relasjon mellom genus og bøyning.

5. Ø tyder i denne artikkelen ‘utan suffiks’.

## 2.2 Historisk utvikling av genus og bøyning i vossamålet

Vossamålet blir snakka på Voss, ei bygd med knapt 16 000 innbyggjarar. Den historiske utviklinga av vossamålet viser at både genuskongruensen og bøyningssystemet har vorte mindre omfangsrikt, men me ser også at nye former har kome til. I tråd med gjeldande dialektforsking på den tida, kan ein rekna med at både Vidsteen (1884) og Heggstad (1932) var opptekne av å dokumentera arkaiske former i bruk, så variasjonen var kanskje større enn me får inntrykk av. Vidsteen skriv i føreordet sitt at «Disse Oplysninger er dels inhentede hos nogle herboende Vossinger, dels samlede under et Ophold paa Voss i fjer Høst. (...) Alle mine Hjemmelsmænd ere fra Vangens Hovedsogn» (Vidsteen 1884: 5–6). Heggstad baserer grammatikken på eigne nedteikningar: «Den vesle utgreidindi som eg her legg fram, er for det meste bygd på eigne uppskrifter fram gjenom dei tjuge åri (1911–31) som eg hev butt på Voss» (Heggstad 1932: 4). Dei seinare kjeldene, Akselberg (1995, 2003) og LIA-filarkiv (1987–1989) er baserte på opptak av talemålsbrukarar i ulike aldrar.

### 2.2.1 Historisk utvikling av genus i vossamålet

Heggstad 1932 er ei undersøking av vossamålet med utgangspunkt i Vidsteen 1884 og språket framstår som nærmest uforandra frå Vidsteen. Heggstad viser at genus vart markert i både adjektiv, determinativ og pronomen i eintal, og med nokre døme på enkeltord også i fleirtal. Tabell 1 viser nokre døme på synkretismar i adjektiv og determinativ. Alle døma i tabell 1 er henta frå Heggstad, og med hans notasjon og diakritiske teikn.<sup>6</sup> For samanlikninga si skuld er berre nominativ attgjeve her.

Eg har markert synkretismar med grått, og dei viser ein klar tendens til samanfall mellom hankjønn og inkjekjønn i fleirtal, i adjektiv, possessiv og demonstrativ. I eintal viser tabellen at mange ord vert bøygdi i tre ulike genus og me ser samanfall både mellom hankjønn og hokjønn og mellom hokjønn og inkjekjønn. Kort summert opp viser Heggstad at genuskongruensen er rik, og der det ikkje er ei form per genus i eintal, har adjektiva samanfall mellom hokjønn og inkjekjønn og determinativane mellom hankjønn og hokjønn.

6. Heggstad skriv i innleiinga at han unngår lydskrift: «Me vil prøva å greida oss med dei vanlege bokstavar og teikn som ein brukar i landsmålet, og ikkje brukha ljodskrift» Apostrofane viser til tronge (') og opne (') vokalar (Heggstad 1932: 5).

Tabell 1: Genus, etter Heggstad 1932

	Eintal			Fleirtal		
	M	F	N	M	F	N
<b>Adj.ubunden</b>	stórù	stór	stort	stóré	stóra	stóre
<b>Adj.bunden</b>	stóré	stóra	stóra	stóré	stóré (a) <sup>7</sup>	stóre
<b>Det.ubunden</b>	ein	ei	eitt			
<b>Det.dem</b>	denn	denn	da	dei	dei	dei
<b>Det.dem</b>	denne	denne	detta	desse	dessa	desse
<b>Det.dem</b>	hin	hi	hitt	hine	hina	hine
<b>Det.poss</b>	minn	mi	mitt	miné	mína	míné

(Heggstad 1932: 32–38)

På Humit ved UiO (tidlegare Tekstlaboratoriet) finst det opptak av informantar på Voss, gjort mellom 1987–89 (Fildepot for LIA). Dette er opptak som innehold både biletprøve og fri samtale. Til saman finst det om lag 14 timer med opptak av 40 informantar. Desse er jamt fordelt på biologisk kjønn, sentrum/periferi og i to aldersgrupper, ungdommar og vaksne. Eg har lytta til 20 informantar sine frie samtalar gjort i par i band 1–14 og det utgjer om lag sju timer. Alle informantane har hokjønn i språket sitt, og det er ikkje bruk av maskuline former til tradisjonelle hokjønnsord. Morfologien er rik, og opptaka viser døme på genuskongruens i adjektiv i alle tre genera, både i eintal og fleirtal. I adjektiv finn ein døme på at adjektiv føre inkjekjønn og hokjønn eintal endar på *-a*, som *i hailaF/N bykke* (i heile bygget) (informant 4b), *da e førsteF/N åre* (det er fyrste året) (4a), og *dan andraF/N sio* (den andre sida) (informant 3b), medan adjektiv føre hankjønnsord endar på *-e*, som i *andreM klassen* (andre klassen) (informant 3b). Opptaka har også døme på hokjønnskongruens *-a* i fleirtal: *te sinaF tio / te si:na ti:v/* (til sine tider), *mjukaF pakka / mjuk:k pakko/* (mjuke pakker) (informant 3a). Mange former har altså halde seg frå Vidsteen og Heggstad, men ei endring er at det er større samanfall i genuskongruens i fleirtal, ved at i adjektiv bunden form ser ein både *-e* og *-a* som ending på adjektiva føre hokjønn og inkjekjønn. I demonstrativ har t.d. hokjønnsformene *dessa*, *dassa*, og *sjølvaf.PL* smelta saman med formene i hankjønn og inkjekjønn, *desse*, *desse*, *sjølveM.F.N.PL*.

I 2003 gjorde Akselberg ei undersøking av talemålet til ungdommar på Voss, og når det gjeld genus og bøyingsklasse skriv han at delt ho-

kjønn, altså inndelinga i sterke og svake hokjønnsord, er stabilt (Akselberg 2003: 213–214).

### 2.2.2 Historisk substantivbøyning i eintal

Heggstad (1932) sitt oversyn viser oss eit bøyingsssystem med to kasus, nominativ og dativ, og åtte bøyingsklassar i hankjønn, åtte i hokjønn og to i inkjekjønn. I tabell 2 ser me bøyingsmønsteret for substantiv i eintal. Tabellen er etter Heggstad, med hans notasjon, med dagens oppslagsform i parentes.

*Tabell 2: Substantiv i eintal, etter Heggstad 1932*

Genus	Ubunden form	Bunden form	Bunden form dativ
Hankjønn, sterke	dómm (dom)	dómmén	dómm’è
Hankjønn, svak	skúlē (skule)	skúl’n	skúla
Hokjønn, sterke	sak (sak)	sakj’è	sakj’éné
Hokjønn, svak	vika (veke)	víkó	víkéné
Inkjekjønn, sterke	aor (år)	aor’é	aor’è
Inkjekjønn, svak	auga (auge)	auga	auga

Tabell 2 viser at det er ulike paradigme for sterke og svake substantiv i alle tre genera i eintal, men hankjønnsorda endar på *-n* i både sterke og svake i bunden form eintal i nominativ. Oversikta viser samanfall mellom sterke hokjønnsord og sterke inkjekjønnsord i bunden form eintal i nominativ.<sup>7</sup> I dativ ser me at det er samanfall av endingar i hankjønn og inkjekjønn, medan hokjønn har eigne former.

### 2.2.3 Historisk substantivbøyning i fleirtal

Ifylgje Heggstad fekk alle klassar av substantiv same ending i dativ fleirtal, nemleg *-o*. I nominativ er det større variasjon i ubunden form enn i bunden form, noko me kan sjå i Tabell 3.

7. I dag er det vanleg å rekna alle substantiv som endar på trykklett staving som svake. I norrøne grammatikkar var inndelinga basert på stammer, og nokre av orda me i dag reknar som svake, var rekna som sterke. Heggstad skriv ikkje korleis han definerer sterke og svake, men me må rekna med at han nyttar tradisjonen etter norrønt og i tillegg baserer han seg på Vidsteen som skriv at ord som endar på *-e*, som *eple* vert bøygd som *aor* (år), altså som eit sterkt substantiv.

Tabell 3: Substantiv i fleirtal, etter Heggstad 1932

Genus	Oppslagsform moderne nynorsk	Ubunden form	Bunden form
Hankjønn	dom	dómma	dómmáné
	kvist	kvist’è	kvist’né
	mann	mènn’ù	mènn’né
	ljå	ljao	ljaoné
Hokjønn	taus, jente	tausé	taus’na
	sak	sakù	sakùna
	myr	mýra	mýrané
Inkjekjønn	år	aor	aor’è
	auge	augù	augó/augùna/augéna <sup>9</sup>

Tabell 3 viser at sambandet mellom genus og bøyingsuffiks var mindre transparent enn det er i moderne nynorsk, t.d. vossamålet hadde ikkje eit ein tydig 1:1-høve mellom genus og substantivet si bøyning, og nokre av bøyingsklassane hadde medlemmer frå ulike genera, t.d. *domM*–*dommaM.PL.INDEF* og *myrF*–*myraF.PL.INDEF*. Tabell 3 er forenkla ved at omlyd og tonem ikkje kjem til syne, det er fordi denne artikkelen først og fremst fokuserer på suffiksa. Det største mangfaldet finn me i endingsvokalen i ubunden form, medan genus og bøyning er tettare kopla saman i bunden form kor dei fleste hankjønnsord endar på *-ne*, hokjønnsord på *-na*, og inkjekjønnsord på *-e/-o*. Heggstad skriv også kva som er dei mest talrike klassane i dei ulike genera. I hankjønn var det substantiv som i fleirtal enda på *-a* og *-ané*, t.d. *dom*, i hokjønn var det *-ù* (ubunden) og *-ùna* (bunden), t.d. *sak*, og i inkjekjønn fekk sterke substantiv inga ending i ubunden form, t.d. *aor* (‘år’), og *-é* i bunden form, *aoré*, og dei svake *-ù* (ubunden), *augù*, og *-o* (bunden) *augo*, (Heggstad 1932: 27–30). Me skal sjå seinare at det er dei klassane med flest medlemmer som har drege til seg ord frå andre klassar, og hovudregelen er at orda ikkje har bytt genus.

Heggstad viser eit døme på substantiv som endra bøyning og genus i fleirtal utan å endra genus i eintal. Han skriv at tre substantiv i den vesle klassa med inkjekjønnsord som enda på *-a* i eintal, t.d. *eit auga*, hadde

8. Heggstad skriv at dette gjeld orda *auga*, *nyra* og *oyra*

samanfall med hokjønnsorda i fleirtal ved at «I fleirtal bundi form vert i staden for *augó*, *øyró*, *nýró* ofte sagt *augúna* (el. *augéna*), *øyr’na*, *nýr’na*, og tilleggsordi fær gjerne hokynsbøygning: *góa augù* istf. *góé augù*, *baoa augúna mína* istf. Eldre: *bé augó mí*» ('begge augo mine') (Heggstad 1932: 31). Heggstad skriv ikkje noko om kva som endra seg først, altså om det var bøyning (*augo* > *auguna*) eller genus, altså her adjektivkongruensen, (*góé* > *góa*) som endra seg først. Når me går attende til Vidsteen, skriv han også om denne klassen av ord at det vert sagt både *góé* og *góa augu*, men han skriv også at «*Auga og Oyra [øyre]* bøies undertiden i Flertal som Visa (Auguna, Oyrna). Nyra hedder altid i bst. Flertal Nyrna» (Vidsteen 1884: 23). I dette dømet frå vossamålet er det altså *både* substantivet si bøyning og genus som endrar seg i fleirtal, medan eintal er stabilt både med omsyn til genus og til bøyning. Det at eit leksem har ulike genus i eintal og fleirtal kan førekoma i språk (sjå t.d. Carstairs-McCarthy 1994), men dette dømet viser at relasjonen mellom genus og bøyning er kompleks. Det er mest nærliggande å tenkja seg at det er formelle eigenskapar, som at orda endar på trykklett *-a* i ubunden form, akkurat som hokjønnsorda i vossamålet, som motiverer endringa, og at det såleis er substantivbøyninga som endrar seg først (same tendensen finst i romeirksmålet, sjå Enger 2012: 96). Det er interessant å sjå kva som kjenne-teiknar denne klassen av inkjekjønnsord som enda på *-a* i ubunden form eintal. Det var ei relativt lita gruppe ord, og det tyder på at det her har starta med leksikalske endringar av nokre få ord i fleirtal. Klassen av ord inneheld nemningar på kroppsdeler og nokre lågfrekvente ord: «Hertil høre følgende Ord: Auga, Oyra, Nyra, Jarta, Okla, Noa, Aista, Ainskjefta, Drikka (...) (Vidsteen 1884: 23)». Fleire av desse orda er no ute av bruk, medan *drikka* og *nyra* så vidt eg veit berre vert nytta som hokjønn i vossamål. Dei mest frekvente orda, *auga*, *oyra*, *jarta* (auga, øyra, hjarta) har inkjekjønnskongruens i eintal og samanfall med hokjønn i substantivbøyninga i fleirtal.

#### 2.2.4 Fleirtal etter Sandøy

Historisk ser det ut som at bøyingsmønsteret frå Vidsteen og Heggstad har halde seg stabilt til fram på 1980-talet. I ei grammatikkssisse basert på ein talemålsprøve med to informantar busett i sentrumsområdet frå 1982 viser også Sandøy (1985) at fleirtalsbøyninga til substantiv heldt seg relativt stabil i vossamålet, som vist i Tabell 4. Døma på substantiv er mine.

Tabell 4: Fleirtalsendingar i vossamål, nominativ (Sandøy 1985: 260–261)

Genus	Ubunden form	Bunden form
Hankjønn, a-st., an-st.	-a	-ane
Døme: <i>arm</i>	<i>arma(r)</i>	<i>armane</i>
i-st.	-e	-ene
Døme: <i>gjest</i>	<i>gjeste(r)</i>	<i>gjestene</i>
Hokjønn, i-st.	-o	-ona
Døme: <i>tid</i>	<i>tide(r)</i>	<i>tidena</i>
Inkjekjønn, a-st.	-Ø	-e/-ena
Døme: <i>hus</i>	<i>hus</i>	<i>huse/husena</i>
ija-st.	-e	-e/-ena/-na
Døme: <i>styre</i>	<i>styre</i>	<i>styre/styrena</i>

Tabell 4 viser ein reduksjon i mangfaldet av vokalendingar i ubunden form frå Heggstad 1932 til Sandøy 1985, men også at mange former er stabile. Akkurat som hjå Vidsteen og Heggstad ser me her at inkjekjønn har både den tradisjonelle substantivsbøyingen med -e, og den nyare -ena/-'na.

Akselberg (2003) si undersøking stadfester også utviklinga av dei bundne fleirtalsformene me har sett sidan Vidsteen: «Dei bundne feminine morfema er -ene eller -ena, t.d. *jentene* og *jentena*. (...) Dei bundne nøytrumsmorfema er meir varierte med former som -ene, -ena, -a, -ne og -na» (Akselberg 2003: 216). Spreiinga av -ena og -ene er ikkje unik for vossamål, men finst også i andre vestnorske dialektar (Rundhovde 1976, Berg 2019). Dette kjem eg tilbake til i pkt. 5.3.

### 2.3 Oppsummering og forskingsspørsmål

Basert på tilgjengelege data ser det ut til at i hankjønn er det den mest talrike klassen som har trekt til seg mindre klassar, slik at alle hankjønnnsord no har fleirtal på -a (ubunden form) og -ane (bunden form) i hankjønn. Me ser også den same tendensen til forenkling i hokjønn med at mindre klassar har smelta saman med dei større og gått saman til -e i ubunden form fleirtal og -ena eller -'na i bunden form. Med bortfall av dativ vert også formrikdomen mindre, både i eintal og fleirtal. Ein kan

hevda at relasjonen mellom genus og bøyning har vorte tettare, fordi kvart genus no stort sett berre har ein bøyingsklasse, men samanfallet mellom hokjønn- og inkjekjønnssuffiks i bunden form fleirtal gjer at me der får ein opposisjon mellom hankjønn på den eine sida, og hokjønn og inkjekjønn på den andre. Utviklinga viser ikkje eit fullstendig 1:1-høve mellom genus og bøyning, men dersom ein tek utgangspunkt i ubunden form fleirtal, slik ein ofte gjer når ein snakkar om bøyingsklassar, og ein tek utgangspunkt i dei mest frekvente substantiva, så er bandet til genus tett: -*a* er hankjønn, -*e* er hokjønn og inkjekjønn er utan ending (utanom *auge* som held på -*e*).

Eit viktig spørsmål i undersøkinga av genus og bøyning er korleis denne relasjonen ser ut i dagens vossamål, og spesielt i ei tid med endring i fleire andre dialektar. I og med at lydopptak frå slutten av 1980-talet viser fleire døme på genuskongruens også i fleirtal, blir det relevant å også trekka inn fleirtal i diskusjonen om genus og bøyning i vossamålet. Det er også i fleirtal at me har sett mest variasjon i den historiske gjennomgangen, både i bruk av genuskongruens og bøyingsformer. Før eg gjer greie for datainnsamlinga gjort i 2022, minner eg om forskingsspørsmåla som denne artikkelen tek opp.

- 1) Predikerer genus bøyning i vossamål?
- 2) Kva er relasjonen mellom genus og bøyning i vossamål?

### 3 Metode

#### 3.1 Informantar

I 2022 gjennomførte eg datainnsamling med 64 informantar på Voss. Dei var fordelt i tre aldersgrupper, sentrum/periferi og på kjønn. Både Vidsteen, Heggstad og Akselberg nemner at språket i sentrumsområdet av Voss skil seg frå språket hjå dei som bur lenger ute på bygdene. Denne studien tek utgangspunkt i sentrumsområdet som tettstaden «Vossavangen», eit område på 3,9 km<sup>2</sup>, periferien er resten av kommunen. Deltakarane fordelt seg som vist i tabell 5.

Tabell 5: Informantar

Gruppe	Alder	Tal	Sentrum	Periferi	Kvinner	Menn
A, born	10–12	25	13	12	21	4
B, ungdommar	15–20	20	11	10	12	9
C, vaksne	25–53	20	10	10	12	8


Borna vart rekrutterte frå tre barneskular, to i periferien og ein i sentrum, og sidan skuleklassane hadde stor overvekt av jenter, blei det ikkje kjønnsbalanse i den yngste gruppa. Ungdommane kom frå to vidaregåande skular, frå diverse klassar og studieretningar, og to deltarar gjekk siste året på ungdomsskulen. Både vaksne og ungdommar vart rekrutterte gjennom påmelding og via eige nettverk. Eit felles kriterium for alle deltararane var at dei skulle bu på Voss no. Dei vaksne skulle vera oppvaksne på Voss, og kriteriet for born og unge var at dei skulle ha budd på Voss mesteparten av livet sitt, eller dei siste fem åra. Det siste betyr at også deltarar som har budd ein annan stad tidlegare, vart inkludert. Basert på tidlegare forsking (t.d. Akselberg 2003) og lydopptak frå 1987–89 (LIA-fildepot), var hypotesen min at grammatiske hokjønn skulle stå sterkt hjå dei vaksne, og at det difor var mindre interessant med endå eldre informantar, fordi vaksengruppa uansett skulle fungere som kontrollgruppe. Denne gruppa har eit relativt stort aldersspenn, mest for å få med nokre «yngre» vaksne (mellan 25–35). Dei fleste er i alderen 40–50 år og i foreldregenerasjonen til dei to yngste gruppene.

### 3.2 Testmateriale og framgangsmåte

For innsamlinga brukte eg ein eksperimentell biletprøve utvikla av *Gen-VAC- Grammatical Gender in Norwegian Dialects: Variation, Acquisition & Change* (for ein grundig gjennomgang, sjå van Baal et al. 2023). Dette er ein metode som avdekkjer relativt mykje genus og bøyning i talespråk på kort tid, og som gjev like data frå alle informantane. Datagrunnlaget til denne artikkelen er to Elisiteringstestar. Testane er utforma slik at ein får fram substantiv i eintal og fleirtal, bunden og ubunden form og med kongruerande determinativ (artiklar) og adjektiv. Substantiva i testen har tradisjonelt same genus i vossamålet som i bokmål og nynorsk og dei fleste norske dialektane. Deltararane fekk sjå bilete av konkrete og frekvente objekt på ein skjerm, t.d. ein raud og ein blå fisk, og skulle deretter

seia kva dei såg og kva som forsvann etter mønsteret illustrert med figur 1 og 2.


*Figur 1: Døme på biletprøve*



Forskar: *Kva ser du her?*

Forventa produksjon: *Eg ser ein raud fisk og ein blå fisk*

*Figur 2: Døme på biletprøve*



Forskar: *Kva forsvann?*

Forventa produksjon: *Den blå fisken*

Etter at informanten hadde fått prosedyren demonstrert, og fått øvd på eit par substantiv, vart det same mønsteret gjennomført med substantiv i eintal, ujamt fordelt på alle tre genusa; hankjønn 8, hokjønn 16 (8 sterke, 8 svake) og inkjekjønn 8. Eksperimentet har overvekt av hokjønnsord fordi hypotesen var at hokjønn er i ferd med forsvinna, og det var viktig å få med både sterke og svake hokjønnsord. Det er også interessant å sjå om den pågående utviklinga påverkar alle tre genera. Etter eintal vart det same mønsteret repetert med fleire av kvar ting for å få fram produksjon av fleirtal, no med substantiva i ei anna rekkefølge.

Forventa produksjon: *Eg ser tre raude fiskar og tre blåe fiskar*

Forskar: *Kva forsvann?*

Forventa produksjon: *Dei blåe fiskane*

På denne måten produserte språkbrukaren både ubunden og bunden form i både eintal og fleirtal, med artikkel og adjektiv i tillegg til substantivet. Dersom deltakarane sa eit anna substantiv enn forventa, som t.d. *ein person* i staden for *eit menneske* spurte eg om ein kunne kalla dette *menneske*, då starta informanten på nytt med bruk av *menneske*, og slik fekk ein mest mogleg like data frå alle informantane.

I tillegg til desse testane utførte deltakarane biletprøvar som fekk fram produksjon av possessiv og anaforisk pronomen, og dei svarte på spørsmål om språkbruk. Desse dataa vert ikkje diskutert i denne artikkelen.

Eg ynskte å få mest mogleg spontan produksjon, og for å unngå å øydelegga flyten i språkproduksjonen, valde eg nokre gonger å heller få manglende data enn å få informanten til å stoppa opp. I tilfelle der informanten korrigerte seg sjølv, t.d. *ain flaska*, *nei ai flaska* eller liknande, så let eg alltid siste versjonen telja. Testen fungerte godt, og dataa viser lite «feil» språkbruk av typen *ain hus*, *ait kjole* og liknande. Dersom ein ser på førekommstane av hankjønns- eller hokjønnsartikkel føre inkjekjønnsord, utgjer det til saman 2,6 % (25/957 førekommstar) hjå alle informantgruppene til saman. Så fåe førekommstar av «feil» meiner eg også er eit argument for at ein ikkje kan avfeia bruk av hankjønnsartikkel føre hokjønnsord som tilfeldige «feil», for då ville ein også ha sett meir av «feil» artikkel føre hankjønns- eller inkjekjønnsord.

## 4 Resultat

I denne delen skal eg gjera greie for hovudfunna frå datainnsamlinga gjort i 2022. Eg kjem tilbake til fleire detaljar i kapittel 5. I tråd med tidlegare forsking (t.d. Busterud et al. 2021, Lohndal og Westergaard 2016, Rodina og Westergaard 2016), tek studien utgangspunkt i bruken av den ubundne artikkelen som premiss for genus. Funna vert hovudsakleg presentert på gruppenivå, men nokre stader viser eg også til individuelle data og konkrete døme frå informantar. (I parentes står det då ein informantkode: A=born, B=ungdommar, C=vaksne, S=sentrum, P=periferi. Tal viser til ein person. AP\_3, er altså eit born i periferien, og person nr. 3 på koplingslista mi.) Resultata frå datainnsamlinga viser to ulike system, eit tradisjonelt tregenussystem med konsekvent bruk av hokjønnsartikkelen *ai* (ei) føre hokjønnsord, og eit system der *ai* delvis vert erstatta med *ain* (tradisjonell uttale) eller *en*. Relasjonen mellom genus og sub-


stantivet si bøyning er ulik i aldersgruppene og viser også at bruken av tradisjonelt genus korrelerer med bruken av tradisjonelle bøyingsformer. Eg presenterer først data som viser at det grammatiske hokjønnet er ustabilt hjå yngre språkbrukarar, og deretter går eg nærmare inn i resultata som viser genus og bøyning, både i eintal og fleirtal. Hovudfokusset i artikkelen er morfologi, og suffiks og taleproduksjon er som hovudsak attgjeve i kursiv heller enn IPA.

#### 4.1 Genus i eintal

##### 4.1.1 Ubunden artikkkel

I denne artikkelen er genus basert på ordet sitt tradisjonelle genus (både i vossamålet og i nynorsk), slik at t.d. *vogn* er klassifisert som hokjønn, uavhengig av om informanten har brukt hankjønnsartikkelen *ain* eller *en* føre ordet i eintal, eller om hen har nytta tradisjonell *ai*. Den samla oversikta over bruken av ubunden artikkkel er presentert i Figur 3.

Figur 3 viser prosentvis bruk av artikkkel knytt til substantivet sitt genus. Dei tre søylene per genus viser resultata fordelt på aldersgrupper.



Figur 3: Ubunden artikkkel, førekommstar i prosent

M ain/en = hankjønnsartikkkel føre hankjønnsord

F ai/ei = hokjønnsartikkkel føre hokjønnsord

N ait/et = inkjekjønnsartikkkel føre inkjekjønnsord

Dei vaksne har 100 % bruk av tradisjonell artikkel føre substantiv eintal i alle tre genera, medan dei yngre aldersgruppene har meir variasjon, og aller klarast ein markant nedgang av hokjønnsartikkel føre hokjønnsord. I gruppene born og unge er det både informantar med eit tradisjonelt system, og informantar som vekslar.

Informantar som ikkje har ein konsekvent bruk av tradisjonell hokjønnsartikkel føre hokjønnsord, erstattar i hovudsak den tradisjonelle *ai* med hankjønnsartikkelen *ain* (trad. uttale i dialekten) eller *en*, slik oversikta i Tabell 6 viser. Tala i parentes i tabell 6 viser til førekommstar.


*Tabell 6: Ubunden artikkel føre hokjønnsord, born og ungdommar*

	ai	ain/en	ait/et	Totalt
Born	71,5 % (535/748)	28,5 % (213/748)	0,8 % (6/748)	748
Ungdommar	70,3 % (453/617)	29,5 % (182/617)	0,2 % (1/617)	617

Blant born som samla gruppe er det 28,5 % bruk av hankjønnsartikkelen *ain* (152/748) eller *en* (46/748) føre tradisjonelle hokjønnsord, og for ungdommar er tilsvarande tal 29,5 % bruk, fordelt på *ain* (121/617) eller *en* (61/617). Det er under ein prosent bruk av nøytrumsartikkelen i begge aldersgruppene, altså er her lite «feil». Dersom bruken av hankjønnsartikkelen berre var ein performansefeil, ville me ha sett meir bruk av nøytrum også.

I Figur 4 ( neste side) ser me bruken av artiklar føre tradisjonelle hokjønnsord, fordelt på informantar. Tala i parentes viser til talet på informantar.

«Berre hokjønnsartikkelen» er her definert som 95–100 % bruk, for å ta høgd for naturleg variasjon. Det gjer at fire born og ein ungdom som kvar hadde 1–2 førekommstar av hankjønnsartikkelen føre hokjønnsord er inkluderte i gruppa for «berre hokjønnsartikkelen». Hjå dei vaksne informantane var det ingen førekommstar av hankjønnsartikkelen, så der betyr «berre hokjønnsartikkelen» konsekvent bruk av hokjønnsartiklar. Grafane i Figur 4 viser at størsteparten av born og ungdommar vekslar mellom kva artikkel dei brukar føre tradisjonelle hokjønnsord. Det er stor variasjon på individnivå i gruppa av informantar som vekslar mellom hokjønns- og hankjønnsartikkelen. Bruken av den tradisjonelle hokjønnsartikkelen varierer frå 3,13 % bruk (BS\_4) til 93,8 % (AP\_4), og resten av informantane fordeles seg utover skalaen.



Figur 4: Ubunden artikkel føre hokjønnsord, individnivå

#### 4.2 Suffiksbruk i eintal


##### 4.2.1 Ubunden form eintal

Svake hokjønnsord endar på *-a* i ubunden form eintal i tradisjonelt vos-samål, *ai flaska*. Me ser ein liten innovasjon frå *a* > *e* i 5,8 % (59/1009) av førekomstane samla sett. Ingen informantar brukar konsekvent *-e*, *ai flaske* i ubunden form.

##### 4.2.2 Bunden form eintal

Hovudtendensen i datasettet er at bøyingsformene held seg godt i bunden form eintal. Når det gjeld bruken av det bundne eintalssuffikset, viser figur 5 at deltakarane generelt held godt på dei tradisjonelle suffiksa til hokjønn, altså *-o* til svake (flask-o) og *-e* (seng-e) til sterke. Materialet mitt viser ingen bruk av sterkt bøyning til svake hokjønnsord eller svak bøyning til sterke hokjønnsord. Bruken av bøyningssuffiks i bunden form eintal er illustrert i Figur 5. For å undersøkja samanhengen mellom genus og bøyning, er informantane i Figur 5 delt inn i to kategoriar, basert på deltakarane si bruk av hokjønnsartikkelen: a) berre hokjønn («stabilt hokjønn» i figuren) og b) ustabil bruk av hokjønn (forkorta til «ustabilt h-

kjønn» i figuren), deltakarar som vekslar mellom hokjønns- og han-kjønnsartikkelen.



Figur 5: Suffiks bunden form, hokjønnsord

Stabilt hokj. = informantar med tradisjonell bruk av hokjønnsartikkelen *ai* til hokjønnsord

Ustabilt hokj. = informantar som vekslar mellom å bruka hokjønns- og han-kjønnsartikkelen til hokjønnsord

Det bundne hokjønnssuffixet *-a* er i bruk i 6,4 % (64/1002) av førekommstane. Informantar produserte til dømes *den gule kaka* (AS\_10), i staden for den forventa frasen *den gule/a kaka*. Bruken av suffixet *-a* fordeler seg på både sterke og svake hokjønnsord, og i nesten alle gruppene bortsett frå gruppa «born med berre hokjønn», altså informantar med konsekvent bruk av hokjønnsartikkelen *ai* (ei) føre ubundne hokjønnsord. Det er ingen informantar med konsekvent bruk av *-a* som bunde eintals-suffiks, men ein voksen informant CS\_6), brukar *-a* på 90 % av hokjønnsorda i bunden form, og seier til dømes *den grønne såpa /den grøne sɔ:pa/* (og ikkje /sɔ:pu/ som er den tradisjonelle forma).

Deltakarane fekk som tidlegare nemnd sjå to bilete av same substantiv i ulike fargar som dei fyrst skulle seie i ubunden form og deretter i bun-den form. Dei informantane som nyttar hankjønnsartikkelen *ain* eller *en* føre tradisjonelle hokjønnsord, nyttar ikkje alltid artikkelen føre begge objekta i ubunden form, slik at det ofte er døme som: *ai blå babyvogn* og

*ain gul babyvogn* (AS\_10). Dei tradisjonelle suffiksa knytt til hokjønnsord, -e (sterke), og -o (svake) er i bruk på 90 % (897/1002) av førekommstane. Når det gjeld suffikset -en som tradisjonelt er knytt til hankjønnsord, er det ingen førekommstar av det etter bruk av to hokjønnsartiklar. 78 % av bruken (32/41) kjem etter at informanten har produsert to hankjønnsartiklar til same leksem, t.d. *ain grønn dør* (...) *ain kvit dør*, (...) *dan kvite dør'n* (AS\_2). Dei siste 22 % kjem etter bruk av ein hankjønnsartikkkel og ein hokjønnsartikkkel til same leksem.

Kort summert opp viser gjennomgangen av eintal at dei tradisjonelle bøyingsformene er meir stabile enn genuset, og at informantar med eit tradisjonelt genussystem også har større bruk av tradisjonelle suffiks knytt til hokjønnsord.


#### 4.3 Fleirtal

Datamaterialet frå 2022 viser få restar av hokjønnsmarkørar i fleirtal, slik at genusdistinksjonen hovudsakleg er borte hjå informantane. Hokjønnsmarkørane på adjektiv -a som me såg hjå Heggstad og delvis i LIA, er det lite att av i dataa frå 2022. Føre hokjønnsord i ubunden fleirtal er det i mine data 0,8 % (15/1825) tilfelle på adjektivsendinga -a, t.d. *gula kake* (CP\_6).<sup>9</sup> Til saman brukar informantane i alle tre aldersgruppene -e på 88 % (1614/1825) av adjektiva føre hokjønnsord, og dei siste 11 % (196/1825) fordeler seg på adjektiv utan ending, som t.d. *blå*, *rø* og *grå* i staden for *blåe*, *raue* el. *røe* og *gråe*. Hjå dei to yngste aldersgruppene er det eitt tilfelle av -a i kvar av aldersgruppene: /tu: kvi:ta jaite/ (AP\_5 og BS\_5). Førekommstane er altså begge knytt til substantivet *geit*. Føre inkjekjønnsord i ubunden form fleirtal viser datamaterialet 0,7 % (7/1012) tilfelle av adjektiv som førekjem med -a. Seks av desse sju er føre ordet *hjarta* og *auga* som vert bøygd som hokjønnsorda i fleirtal.

Hovudtendensen for substantivet si bøying i ubunden form fleirtal er at hankjønnsord endar på -a, hokjønnsord på -e og at sterke inkjekjønnsord er utan ending, og at dei svake endar på -e, altså ein tydeleg tendens til 1:1 høve mellom genus og substantivet si bøying.

9. Inkluderer ikkje førekommstar av rosa og lilla. I totalen er her adjektivet «rosa» teke bort, men nokre få døme av «lilla» er med, men då telt som «utan ending» (nokre få informantar brukar lilla der fleirtalet brukar blå/blåe.)

Figur 6: Ubunden form fleirtal, suffiks, delt inn etter informantar med og utan stabilt hokjønn



Informantar med stabilt hokjønn = informantar som nyttar den ubundne artikelen ei føre hokjønnsord


Informantar med ustabilt hokjønn = informantar som vekslar mellom ei og ein/en føre hokjønnsord

Figur 6 viser suffiksbruken per genus hjå informantar med eit stabilt hokjønn versus informantar med eit ustabilt hokjønn. Det er generelt fåe førekommstar av uttalt *-r* i datamaterialet, og difor er desse slått saman med høvesvis *-a* og *-e*. Inkjekjønn er delt inn i sterke (t.d. *hus – hus*) og svake (t.d. *auga – auge*) i denne figuren. Inkjekjønnsformene held seg godt, men på dei svake inkjekjønnsorda er det om lag 10 % som nyttar *-a* i staden for *-e* som suffiks, t.d. *to epla* i staden for *to eple*. Informantar med ustabilt hokjønn har fleire nye bøyingsformer enn informantar med konsekvent bruk av hokjønnsartikkelen, og dette gjeld spesielt på hankjønnsorda. Dette førekjem ikkje på ord som tradisjonelt har hatt *-e* (som t.d. *gris*), men på ord som tradisjonelt har hatt *-a* (og som konsekvent har *-a* hjå informantane med konsekvent bruk av tradisjonell hokjønnskongruens). Det mest interessante i ubunden form fleirtal, er førekommstane av *-e* på tradisjonelle hankjønnsord, og *-a* på tradisjonelle hokjønnsord hjå informantane med ustabilt hokjønn. 77 % av førekommstane av utradisjonelt *-e* og *-er* finn me på hankjønnsorda som endar på trykklett *-e* i ubunden form eintal, og som i andre former for norsk ofte er ein indikasjon på hokjønn: *kjole* (36), *stige* (29), *slange* (14) og *måne* (8). Når det gjeld hokjønnsorda som førekjem med *-a* i ubunden form fleirtal, så for-

deler dei seg jamnare utover alle orda, med unnatak av ein topp på *vogn* med 30 % bruk (16/36) av -*a*.

På dei bundne fleirtalsformene, vist i figur 7, ser me også der, ikkje overraskande, at informantar med ustabil hokjønnskongruens også har fleire nye former i bøyingsystemet sitt, akkurat som i ubunden form fleirtal.

*Figur 7: Suffiksbruk i bunden form fleirtal fordelt på informantar med høvesvis tradisjonelt og ustabilt hokjønn*



Dei tradisjonelle suffiksa i vossamålet er som tidlegare nemnt *-ane* for hankjønn, *-ena* for hokjønn og *-e* og *-ena* for inkjekjønn. Me ser at det nye suffikset *-ene* er den mest brukte forma på både hokjønns- og inkjekjønnsord. Dette er i tråd med tidlegare funn (t.d. Rundhovde 1976 og Akselberg 2003) og me ser at utviklinga held fram. Dei tradisjonelle suffiksa har tilbakegang, og mest hjå informantar med ustabilt hokjønn. Det er verdt å merka seg at bruken av *-ene* til hankjønnsord, så også hankjønnsbøyninga får nye former. Figur 7 viser at inkjekjønnsorda er mest stabile når det gjeld bøyingsformer. Me ser også relativt mykje bruk av *-a* i bunden form fleirtal av inkjekjønn, men denne bruken meiner eg at kan forklarast som ein variant av *'na'*. Dette kjem eg tilbake til i pkt. 5.1.

Når det gjeld det tradisjonelle suffikset *-e* i bunden form fleirtal av inkjekjønn, finn me døme som *bore /bu:re/* (borda), *baine /baine/* (beina)

(CP\_4) og andre hjå den vaksne informantgruppa, medan hjå borna og ungdommane finn me liten bruk av -e, og bortsett frå eitt tilfelle av *bore* /bu:re/, så er alle førekommstane på ordet *ekorn*, *ekorne* /ekurne/.

#### 4.4 Oppsummering av resultata

Resultata frå datainnsamlinga mi viser at hokjønn er eit ustabilt genus hjå 29 av 64 informantar. Alle informantane med ustabil hokjønn er born eller ungdom. Det er individuelle skilnader i kor stor grad informantane nyttar maskuline former føre hokjønnsord. Dette tyder på at endringa skjer gradvis. I fleirtal er genus så å seie nøytralisert i datamaterialet mitt, med berre fåe enkeltførekommstar av genuskongruerande adjektiv i hokjønn og inkjekjønn.

I eintal er suffiksbruken meir resistent mot endringar enn det genus er. Innovasjonar i suffiksbruken i eintal (ub. -e, bunden -a og -en) har færre førekommstar enn bruken av hankjønnsartikkel føre hokjønnsord. Suffiksa til sterke og svake hokjønnsord viser få teikn til å smelta saman. Ein kan ikkje utelukka at -a, *den flaska*, er samansmelting av sterke og svake, men det er i så fall ikkje gjennomført hjå nokre, og førekommstane er fåe (6,4 %) og kan også forklaast som påverknad frå skriftspråk og austnorsk.

I fleirtal av substantivet ser me at informantar med ustabil hokjønns-kongruens også har fleire innovasjonar i suffiksbruken på både ubunden og bunden form fleirtal. Dette gjeld ikkje berre hokjønnsord, men faktisk i sterkest grad på hankjønnsorda. Endinga -e er på veg inn i ubunden form fleirtal i alle tre genera, bortsett frå på sterke inkjekjønnsord, og -ene spreier seg i alle genera til bundne substantiv.

### 5 Diskusjon

Medan den historiske gjennomgangen viste eit stabilt genussystem i språket på Voss, viser språkdataa frå 2022 teikn til at genussystemet er i endring, ved at hokjønnet er ustabil. Informantar med eit stabilt hokjønn nyttar tradisjonelle bøyingsformer i større grad enn informantar med eit ustabil hokjønn, både i eintal og fleirtal. Når det gjeld fleirtal er genus så å seie nøytralisert, men dataa viser også her at informantar med ustabil hokjønn nyttar jamt over fleire nye bøyingsformer enn dei med tradisjonelt hokjønn. I og med at den vaksne aldersgruppa (25–53 år) viser eit

konsekvent tradisjonelt system, kan me rekna med at me er heilt i starten på denne språkendringa, og dataa bidreg med interessante funn når det gjeld relasjonen mellom genus og bøyning, og i kva rekkefølgje endringa skjer, og kanskje også kva denne endringa er motivert av.

### *5.1 Relasjonen mellom genus og bøyning*

Eit døme på at relasjonen mellom genus og bøyning vert mindre tett, ser me i bruken av fleirtalssuffiks. Medan eintalssuffiksa er relativt stabile, ser me at det er fleire endringar i bøyingssystemet i fleirtal, både i den historiske gjennomgangen og mellom aldersgruppene i dataa frå 2022. I ubunden form finn me innovasjonane *-e* og *-er* i alle tre genera hjå informantar med ustabilt hokjønn (medan det tidlegare var *-a* i hankjønn, *-e* i hokjønn og *-Ø* eller *-e* i inkjekjønn). Det same gjeld for den bundne forma *-ene* som også ser ut til å vera på veg inn i alle genera. Det ser ut til at det går mot samanfall i hankjønn og hokjønn i ubunden form fleirtal med spreiling av suffikset *-e*, som tradisjonelt har vore knytt til hokjønnsord (medan hankjønnsord endar på *-a*). I og med at hokjønnet er svekka i eintal, er det lite truleg at det er hokjønnsbøyninga som spreier seg, men at det heller skuldast påverknad frå t.d. fleirtalsforma i t.d. bokmål og austnorsk. Endingane *-e* i ubunden form og *-ene* i bunden form i alle tre genera tyder på at relasjonen mellom genus og bøyninga til substantivet vert mindre tett i fleirtal. Når genus er nøytralisert kan det tenkjast at også bøyingsformene er i ferd med å verta det.

Eit tradisjonelt trekk ved dialekta er kategoriane sterke og svake hokjønnsord. Dette er eit trekk som skil vossamålet frå dei urbane norske dialektane. Desse kategoriane er framleis stabile i dialekta, og det på trass av at hokjønnet sitt genus er ustabil. Det er ingen teikn i datasettet mitt til at kategoriane sterke og svake smeltar saman i hokjønn eintal i vossamål. I datasettet mitt er det slik at svake hokjønnsord er litt meir resistente mot endring enn dei sterke. Det er også slik at det er dei sterke inkjekjønnsorda som er mest resistente mot endring i ubunden form fleirtal, med 100 % bruk av den tradisjonelle forma (utan ending). Substantivet si bøyning ser altså ut til å vera upåverka av endringa i genus, i alle fall i startfasen. Det tyder på at relasjonen mellom genus og bøyning vert mindre tett.

Ein innovasjon som ved fyrste augnekast ser ut til å vera skriftspråk-påverknad, er 11 % (53/485) bruk av suffikset *-a* i bunden form fleirtal inkjekjønn, slik at deltakarane i staden for å bruka den tradisjonelle

dialektforma *baine*, heller sa t.d. *dai grønne baina* (dei grøne beina) (AP\_3). Når ein kikkar nærmare på førekomstane, dukkar det opp eit mønster som kan ha ei anna forklaring enn påverknad frå nynorsk eller bokmål. Bruken er knytt til leksem. 85 % (45/53) av førekomstane av suffikset *-a* er brukt på *ekorn* og *bein*, og fordelt på dei tre aldersgruppene. Dei sterke inkjekjønnsorda *hus* og *bord* har til samanlikning berre 6 førekomstar av *-a* til saman. Både *ekorn* og *bein* har -n i stamma. Realiseringa *baina* og *ekorna* kan kallast ei reanalyse av *bainena*, *ekornena*, nemleg at påverknaden frå endinga til inkjekjønnsorda som har trykklett *-a* i ubunden form eintal, *-ena/-na*, har ført til realiseringa *bain-na*, *ekorn-na*. Inkjekjønnsord som endar på trykklett *-a* (og ein del hokjønnsord) har *-na* i vossamålet og det finn ein også hjå Heggstad: Han nemner t.d. *nyr-na* (Heggstad, 1932, s. 31), og i og med at dei svake inkjekjønnsorda har trekt til seg dei sterke i stort monn (*-e > -ena/-na* jf. pkt 2.2), er det truleg forklaringa også på realiseringa *baina* og *ekorna*. Desse førekomstane skuldast mest sannsynleg analogi og at den svake klassen er produktiv. Dette har me også sett andre døme på i norsk (sjå t.d. Enger 2014: 169, Berg 2019: 17).

### 5.2 Predikerer genus bøying?

Dersom genus predikerer bøyting, vil substantivet sitt genus fortelja oss kva bøyingsending substantivet får i bunden form og i fleirtal. Akkurat som i Tromsø (Rodina og Westergaard 2016) og Trondheim (Busterud et al. 2021) så ser me at genus (bruken av ubunden artikkkel) endrar seg før suffikset eventuelt også gjer det i språket på Voss. Tendensen i materialet frå 2022 er at tapet av genusmarkøren *ai* ('ei') skjer eventuelt før endringa av bøytinga til substantivet som er assosiert til genuset. Medan bruken av hankjønnsartikkelen til tradisjonelle hokjønnsord er delvis i bruk hjå heile 70 % av informantane i dei to yngre aldersgruppene, (men i svært ulik grad), så ser me innovasjonane i eintalssuffiksa mykje sjeldnare, og dei er også fordelte på færre informantar. Det faktum at ingen av informantane med konsekvent bruk av hankjønnsartikkelen *ai* brukte suffikset me assosierer med hankjønnsord *-en*, til hokjønnsord, peikar mot at bøytinga ikkje endrar seg før genuset. Alle førekomstane av *-en* på hokjønnsord kjem etter bruk av den maskuline artikkelen, altså ser det ut til at genuset må vera etablert før bøyingssuffikset kan endra seg. Biletet er i tråd med tidlegare forsking på norsk (t.d. Busterud et al. 2019) som argumenterer for at det i hovudsak er genus som predikerer bøy-

ingsklasse. I Trondheim fann ein at denne endringa «også ser ut til å berøre bestemhetssuffiksene» (Busterud et al. 2021: 27). I Trondheim var tapet av hokjønn kome lengre enn det er på Voss, og det kan henda at suffiksa til substantivet også vil endra seg i vossamålet i framtida. Endringa i språket på Voss er som tidlegare nemnt så ny, at det er vanskeleg å vita kva som eventuelt vil skje med bøyinga. Det som er sikkert, er at genuset i så fall endrar seg fyrst.

I fleirtal er det som nemnt slik at alle informantane hovudsakleg har nøytralisert genus i fleirtal, og datamaterialet viser berre nokre få døme på hokjønnskongruens i adjektiva i fleirtal. Over 95 % av førekommstane av adjektiv føre fleirtalsord i alle genera endar no på *-e*, *to grønne såpeF* (...) *to grønne bainN* (...) *to grønne traktoraM* (AP\_1). Er det slik at når genuset ikkje lenger er markert på adjektivet, så vert også suffikset til substantivet nøytralisert? Det er eit ope spørsmål som ikkje datasettet gjev eit fullgodt svar på, men tendensane peikar mot at nøytraliseringa i adjektivbøyinga har kome lengre enn i substantivbøyinga, men at også bøyninga på substantivet går mot meir uniformitet og nøytralisering. Materialet frå 2022 viser også at relasjonen mellom genus og bøyings-suffikset ser ut til å halda seg i fleirtalbøyinga av substantivet også etter at genus er nøytralisert i fleirtal hjå informantar med eit tradisjonelt system med tre genus, men at det er meir variasjon hjå informantar med eit ustabilt hokjønnssystem. Når det gjeld bruken av bøyingssuffiks i ubunden form fleirtal, viste Figur 6 at informantane med eit tradisjonelt hokjønn også har eit tilnærma 1:1-høve mellom genus og substantivet sitt bøyingssuffiks ved at i 94–100 % av førekommstane av ubunden form fleirtal er det slik at hankjønnssorda endar på *-a*, hokjønnssorda på *-e* og inkjekjønnssorda på *-Ø* (sterke) og *-e* (svake). Hjå informantar med ustabilt hokjønn er dei tilsvarande tala mellom 75–100 %. Informantane har alle 100 % bruk av inga ending på sterke inkjekjønnssord, og det gjeld sjølv om adjektivet her også er nøytralisert. Sterk og svak ser ut til å vera ein stabil kategori. Når det gjeld ubunden form fleirtal, så ser ein delvis bruk av det dialektale «hankjønnssuffikset» *-a* brukt på hokjønnssord. Dette kan vanskeleg forklaraast som noko anna enn påverknad frå hankjønn eller evt. samanfall av hankjønn- og hokjønnsbøyinga i fleirtal. I og med at informantar med konsekvent bruk av tradisjonell hokjønnartikkkel i eintal ikkje har denne nye fleirtalsforma på substantivet, er det sannsynleg at genuset har endra seg fyrst, eller samstundes med innovasjonen *-a* i ubunden form av tradisjonelle hokjønnssord.

### 5.3 Indre eller ytre motivasjon?

Den diakrone gjennomgangen av genus og bøying i vossamålet viste teikn på eit mindre rikt system for både genus og substantivbøyning, med bortfall av former. Utviklinga me ser i dagens vossamål, er både eit brot med dette og delvis ei vidareføring. Samanfallet i bøyingsklassar i bunden form fleirtal mellom svake inkjekjønnsord (-e, -o > *ena*) og hokjønnsord i fleirtal er truleg ei vidareføringa av ei utvikling som var i gang allereie på slutten av 1800-talet (Vidsteen 1884: 23). Både Heggstad (1932), Rundhovde (1976), Sandøy (1985) og Akselberg (2003) har skrive om denne utviklinga i vossamålet. Utviklinga er heller ikkje unik for vossamål, og denne endringa har også skjedd andre stader i Hordaland (Sandøy 1985: 234). Også Berg (2019) skriv om vestnorsk at “It is particularly common to find the DEF.PL suffix transferred from the feminines to the neuters, giving plural forms like *augon*” (Berg 2019: 18). Utviklinga vert stadfesta av datainnsamlinga mi. Bruken av suffikset *-ena* har no spreidd seg til både sterke og svake inkjekjønnsord, og det ser ut som at informantane frå 2022 i stor grad har erstattat suffikset *-ena* med *-ene* i både inkjekjønn og hokjønn bunden form. Me ser at *-ene* er i bruk også på hankjønnsord hjå born (27 %) og ungdommar (29 %). Betyr dette at bøyingsklassane er i ferd med å smelta saman i bunden form fleirtal? I så fall er dette i tråd med prediksjonen til Rundhovde frå 1976 om at «kjønnsbøyninga i fleirtal held på å verta oppløyst.» (Rundhovde 1976: 406).

Dei nye substantivformene i fleirtal som me finn i datainnsamlinga frå 2022 viser mange fellestrek med austnorsk og bokmål. Me finn det i bruken av *-e* og *-ene* i alle tre genera. Bergensk er som kjent ei to-genus dialekt ein times tid frå Voss. Det har alltid vore mykje kontakt mellom stadane og vossamålet har vore «utsett» for språkleg påverknad frå Bergen i lang tid utan at det har skjedd endring i genussystemet før akkurat no. Bergensk talemål har mykje bruk av *-ar* i ubunden form fleirtal, *gutar, jæntar, æplar* (Pettersen 1990: 203). Denne bruken av *-ar* er det som tidlegare nemnt lite av i datamaterialet mitt. Dette er også i tråd med tidlegare funn av Akselberg som viste at vossamålet generelt hadde fåe trekk frå bergensk (Akselberg 2003: 222).

## 6 Konklusjon

Den historiske utviklinga av vossamålet viser at relasjonen mellom genus og substantivbøyninga har vorte tettare, og nærmest eit 1:1 høve fram til seinare tid. Dei nyare dataa frå Voss frå 2022 viser eit tett band mellom genus og bøyning hjå informantar med eit tradisjonelt genussystem, og mindre eit mindre tett band hjå informantar med eit ustabilt genussystem. Dette ser me spesielt godt i dataa frå den vaksne informantgruppa, der alle har eit stabilt tregenussystem og stort samsvar mellom genus og bøyning i alle tre genera, både i eintal og fleirtal. Funna frå både dei historiske dataa og mine nyare data, viser ein tendens til at genus predikerer substantivet si bøyning. Dette ser me tydeleg i funnet at den ubundne maskuline artikkelen må vera etablert føre hokjønnsord før det bundne eintalssuffifikset endrar seg i datamaterialet frå 2022. Kürschner og Nübling sin predisjon om at både talet på genus og bøyningar må reduserast før bandet mellom kategoriane kan verta lausare (sjå del 2) stemmer for vossamålet. Endringane mot meir uniformitet som me ser i fleirtalsbøyninga, er parallelle til nøytraliseringa me ser i genus i fleirtal. Dette peikar mot at tap av hokjønn også fører til at relasjonen mellom genus og bøyning vert mindre tett i fleirtal. Funna viser også at relasjonen mellom genus og bøyning endrar seg parallelt med at genussystemet endrar seg.

## Referansar

- Akselberg, Gunnstein. 1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolinguistikken. Ein analyse av sosiolinguistiske tilhøve i Voss kommune*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 2003. Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskifte - ei granskning av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001-2002 sett i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv. I G. Akselberg, A. Bødal, & H. Sandøy, *Nordisk dialektologi*, 197–226. Oslo: Novus.
- Anderssen, Merete og Guro Busterud. 2022. Grammatisk kjønn og bøyningsklasse i norsk som andrespråk: En korpusstudie. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 40, Temahefte om grammatisk kjønn, 87–127.
- Beito, Olav Toreson. 1954. *Genusskifte i nynorsk*. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad.

- Berg, Ivar. 2019. Gender and declension mismatches in West Nordic. *Historical Linguistics 2015. Selected papers from the 22nd International Conference on Historical Linguistics, Naples 27–31 July 2015*, edited by Claudio Fabrizio & Michela Cennamo, 97–114. Amsterdam: John Benjamins.
- Bittner, Dagmar. 2000. Gender classification and the inflectional system of German nouns. In B. Unterbeck (red.), *Gender in grammar and cognition*, 1–23. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Bjorvand, Harald. 1972. Zu den altwestnordischen Pluralendungen -ar, -ir und -r bei femininen Substantiva. *Norsk tidsskrift for sprogvitenskap* 26, 195–215.
- Busterud, Guro, Terje Lohndal, Yulia Rodina og Marit Westergaard. 2019. The loss of the feminine gender in Norwegian. *Journal of Comparative Germanic Linguistics* 22(2), 141–167.
- Busterud, Guro, Terje Lohndal, Yulia Rodina og Marit Westergaard. 2020. Hvor mange genus er det i Trondheims-dialekten? *Maal og Minne* 112(2), 1–36.
- van Baal, Yvonne, Hedda Solbakken, Ragnhild Eik og Terje Lohndal. 2023. Endringer i grammatiske kjønn på tvers av dialekter: Et eksperimentelt paradigme. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 41(1), 17–58.
- van Baal, Yvonne, Ragnhild Eik, Terje Lohndal og Hedda Solbakken. 2024. The decline of feminine gender: A cross-dialectal study of seven Norwegian dialects. *Journal of Comparative Germanic Linguistics* 27(9). <https://doi.org/10.1007/s10828-024-09155-9>
- Conzett, Philipp, Åse Mette Johansen og Hilde Sollid. 2011. Genus og substantivbøyning i nordnorske kontaktområder. *Nordland Tidsskrift for andrespråksforskning* 6, 35–71.
- Corbett, Greville G. 1991. *Gender*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dahl, Östen. 2000. Elementary gender distinctions. In B. Unterbeck (red.), *Gender in Grammar and Cognition*, 577–594. Berlin: Walter de Gruyter GmbH & Co.
- Enger, Hans-Olav. 1998. *The classification of Strong Verbs in Norwegian with special reference in the Oslo Dialect: A study in Inflectional Morphology*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Enger, Hans-Olav. 2004. On the relation between gender and declension: a diachronic perspective from Norwegian. *Studies in Language* 28, 51–82.

- Enger, Hans-Olav. 2012. Fire kroppsdelssubstantiver og en sammensvergelse. I R. Theil, & T. &. Schmidt, *Germansk filologi og norske ord. Festskrift til Harald Bjorvand på 70-årsdagen den 30. juli 2012*, 94–108. Novus Forlag.
- Enger, Hans-Olav. 2014. Reinforcement in inflection classes: Two cues may be better than one. *Word Structure* 7(2), 153–181.
- van Epps, Briana og Gerd Carling. 2017. From three genders to two: the sociolinguistics of gender shift in the Jämtlandic dialect of Sweden. *Acta Linguistica Hafniensia* 49(1), 53–84. doi:10.1080/03740463.2017.1286811
- Fildepot for LIA. (u.d.). Henta fra Fildepot for LIA: <https://lia.tekstlab.sigama2.no/>
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Heggstad, Leiv. 1932. *Vossemålet*. Molde: Molde prenteverk.
- Hockett, Charles Francis. 1958. *A course in modern linguistics*. New York: The Macmillan company.
- Johannessen, Janne Bondi og Ida Larsson. 2015. Complexity Matters: On Gender Agreement in Heritage Scandinavian. *Frontiers in Psychology*.
- Kürschner, Sebastian og Damaris Nübling. 2011. The interaction of gender and declension in Germanic languages. *Folia Linguistica* 45(2), 355–388.
- Lohndal, Terje og Marit Westergaard. 2016. Grammatical gender in American Norwegian heritage language: Stability or attrition? *Frontiers in Psychology*. doi:<https://doi.org/10.3389/fpsyg.2016.00344>
- Lohndal, Terje og Marit Westergaard. 2021. Grammatical Gender: Acquisition, Attrition, and Change. *Journal of Germanic Linguistics* 33(1), 95–121. doi:10.1017/S1470542720000057
- Lundquist, Björn og Øystein A Vangsnæs. 2018. Language separation in bialectal speakers: Evidence from eye tracking. *Frontiers in Psychology*. Henta fra <https://www.frontiersin.org/articles/10.3389/fpsyg.2018.01394>
- Lundquist, Björn, Rachel Klassen og Marit Westergaard. 2022. Dynamikken i en språkendringsprosess: Bortfall av hunkjønnsformer i norsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 40, Temahefte om grammatisk kjønn, 27–56.

- Lødrup, Helge. 2011. Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne* 103(2), 120–136.
- Lødrup, Helge og Hans-Olav Enger 2024. To grammatikere kikker i Bokmålsordboka. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 42(2), 235–260
- Pettersen, Egil. 1990. Bergens bymål. I Jahr, Ernst Håkon (red) *Den store dialektboka*, 199–203
- Rodina, Yulia og Marit Westergaard. 2015. Grammatical gender in Norwegian: Language acquisition and language change. *Journal of Germanic Linguistics*, 27(2), 145–187.

## Abstract

The article provides an insight into the historical development of grammatical gender and noun inflection in the Voss dialect based on older data compared to experimental speech data from Voss from 2022, with 64 informants in three different age groups. The article discusses the relationship between gender and noun inflection and whether gender predicts inflection. Historically, there has been a trend towards a closer relationship between gender and noun inflection, with a movement towards a 1:1 correspondence between gender and suffix. Data collection from 2022 shows that the previously stable gender system is becoming unstable in the feminine gender among children and young participants. 66 % (29/44) of children and youth alternate between the feminine article *aiF* ('a') and the masculine article *ainM* ('a') before feminine nouns, while the noun ending in the definite singular form remains stable. The relationship between gender and noun inflection changes in parallel with the gender system.

Kristin Nordbø Haug  
Universitetet i Oslo  
Institutt for lingvistiske og nordiske studier  
Postboks 1102 Blindern  
NO-0317 Oslo  
k.n.haug@iln.uio.no